



Majo Eigedom AS
Lindåsvegen 154
5916 ISDALSTØ

Referanser:
Dykkar: Magnus Helgesen
Vår: 20/7443 - 20/17566

Saksbehandlar:
Knut Bjørnevoll
knut.bjornevoll@alver.kommune.no

Dato:
01.04.2020

Førebels svar på søknad om dispensasjon og løyve til oppføring av einebustad - gbnr 139/63 Tveiten nedre

Tiltak: oppføring av bustad
Byggjestad: Gbnr: 139/63
Tiltakshavar:
Ansvarleg
søkjjar:

Vi har mottatt søknaden dykkar den 23.03.2020 og saka har saksnummer 20/7443.

Dispensasjon

De hevdar at kommunen kan behandla saka utan dispensasjon ut frå at det vart gitt dispensasjon for oppføring av 2 bustadar på to tomter i same sak.

Dispensasjon vart godkjent 31.08.2016. Løyve til oppføring av bustad på gbnr 139/65 og etablering av felles infrastruktur for begge tomtene vart gitt 20.10.2017.

Så lenge det ikkje er søkt om løyve til oppføring av denne bustaden på eigedomen etter pbl kapittel 20 innan 3 år etter at det vart gitt dispensasjon, så er det etter kommunen si vurdering klart at dispensasjonsvedtaket er gått ut no. Vi viser i den samanheng til plan- og bygningslova § 21-9 som legg til grunn at 3 års varigheit på dispensasjonsvedtaket er knytt til «tiltaket».

Dispensasjonsvedtaket er gått ut og byggeløyve krev ny dispensasjon frå arealformålet LNF på same måte som det gjorde det i førre omgang.

Saksbehandlingstid

Alver kommune

Postboks 4, 5906 Frekhaug
Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00

post@alver.kommune.no
www.alver.kommune.no

Kontonummer: 13207 29 30559
Organisasjonsnummer: 920 290 922

Vi viser til at saksbehandlingsfristane gjeld. De kan difor forvente behandling innan 16 veker, som for ein kvar dispensasjon som må på høyring.

Saka vert no gått gjennom i høve til dokumentkrava som er sette i plan- og bygningslova med forskrifter. Dersom det er trong for tilleggsdokumentasjon vert dette etterspurd i eige brev.

Hovudregelen er at tidsfristane skal haldast, men fristen vert likevel avbroten dersom søknaden ikkje er komplett. Den tida det tek ansvarleg søkjar/tiltakshavar å senda inn tilleggsinformasjon til søknaden vert ikkje rekna med i Saksbehandlingstida.

Dersom søknaden krev løyve eller samtykke frå anna styresmakt (t.d. veg, vatn og avløp), vert fristen automatisk forlenga med den tida det tek å innhente løyve eller samtykke.

Sakstype	Tidsfrist
Søknad om dispensasjon frå plan etter §§ 19-1 og 19-3 eller søknad om løyve til tiltak etter §§ 20-1, 20-3 og 20-4 som krev dispensasjon frå plan. Fristen går ikkje i den tida søknaden ligg til uttale hjå statlege og regionale myndigheter. Frist for uttale er 4 veker, jf. plan- og bygningslova § 21-5.	12 veker

Det kan i den enkelte sak avtalast lengre frist.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Det vert gjort merksam på at gebyr skal betalast sjølv om søknaden vert avslått.

Regelverk

- Kommunen sine fristar for sakshandsaming går fram av byggesaksforskrifta (SAK) kapittel 7, jf. plan- og bygningslova (pbl) § 21-7.
- Lengre frist kan avtalast, jf. pbl § 21-8.

Med vennleg helsing
Alver kommune

Marianne Aadland Sandvik
Avdelingsleiar

Knut Bjørnevoll
Ingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Majo Eigedom AS

Lindåsvegen 154

5916

ISDALSTØ

Mottakarar:

Majo Eigedom AS

Lindåsvegen 154

5916

ISDALSTØ